

Utviklingsavdelinga



ÅL KOMMUNE
Torget 1, 3570 ÅL

Det kongelige landbruks- matdepartement
Postboks 8007, Dep

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2006 143	Doknr.: 142
Mottatt: 15 MAI 2006	MP/SDD
Saksbehandler: MBB	Arkiv: 713
Kode:	Avskrift:

Arkivkode
V50 &13

Vår ref.
06/254 - Nerol

Dykkar ref.

Dato
11.05.2006

MELDING OM VEDTAK - HØYRING - LOV AV 15.JUNI 2001 NR 75 OM VETERINÆRAR OG ANNET DYREHELSEPERSONELL


Frå møte i Formannskapet den 08.05.2006, saksnr 57/06.
Nedanfor følger utskrift av vedtaket:

Vedtak:

Ål kommune har merknader til endring av lov 15. juni 2001 nr 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell.

- *Ål kommune er skeptisk til at ansvaret for tilfredsstillende tilgang på tjenester fra dyrehelsepersonell vert lagt over på kommunane. Likeså at kommunane får ansvaret for klinisk veterinærvakt. Ål kommune grunngjev det med at departementet tek sikte på å støtte ansvaret med rammetilskot etter øremerking av tilskotet i ein overgangsperiode. Det vil lett føre til meirutgifter som ikkje kommunen kan ta på seg.*

Med helsing

for 
Marit Torsrud Nerol
Jordbruksforvalter

Kopi til:

Den Norske Veterinærforening, Postboks 6781, St.Olavs pl., 0130 Oslo
Sakshandsamar for orientering/oppfølging

Telefon: 32 08 50 00
Faks: 32 08 50 99

E-post: postmottak@aal.kommune.no
Internett: <http://aal.kommune.no>

Bankgiro: 2320 20 29531
Bankgiro skatt: 7855 05 06199
Organisasjons nr: 864 952 992



HALLINGDAL

Ål kommune

SAMLA SAKSFRAMLEGG

MØTEBOK

Arkivsak: 06/254

HØYRING - LOV AV 15.JUNI 2001 NR 75 OM VERINÆRAR OG ANNET DYREHELSE

Sakshands.: Marit Torsrud Nerol	Arkivkode: V50 &13
Saksnr.: Utval	Møtedato
57/06 Formannskapet	08.05.2006

HØYRING - LOV AV 15. JUNI 2001 NR 75 OM VETERINÆRAR OG ANNET DYREHELSEPERSONELL

Saka avgjøres av:

Landbruks- og matdepartementet

Vedlegg:

Høringsbrev 15.02.06

Uttale fra Den norske veterinærforening 7.3.06

Dokument i saka:

Høringsbrev 15.02.06

Høringsinstanser, oversikt

Høringsnotat fra utvalget

Uttale fra Den norske veterinærforening 7.3.06

Uttale fra KS BTV

Uttale fra Hemsedal kommune 28.03.06

Avtale om veterinærordning 1980

Saksopplysninger:

I dag er det staten som har det overordna ansvaret for å sikre ei landsdekkande dyrehelse-tjeneste, § 1 andre ledd. Dette vil staten endre til å vere eit kommunalt ansvar å sørge for tilfredsstillande tilgang på dyrehelsepersonell og for klinisk veterinæravakt fra 2007. For å få det til må lovens § 1 andre ledd opphevast og ny bestemmelse må kome inn. Slik er forslaget til lovendring. Ny bestemmelse i § 3 a, om kommunen sitt ansvar.

”Bestemmelsene i lovens § 26 om klinisk vakt regulerer dagens ordning der staten har ansvaret og gir samtidig bestemmelser for forhandlingane med yrkesorganisasjonene. I praksis har yrkesorganisasjonene vært Den norske veterinærforening og den kliniske vakten har rettet seg mot landdyr. Den type lovregulering bør ikkje videreføres overfor kommunene. Departementet foreslår derfor at § 26 oppheves.”

Lokal fortid: Kommunane Ål og Hol har samarbeidd om å støtte ei veterinærordning og vakt-samarbeid da dette var under opparbeiding. I 1980, kom.styre sak 56/80, gjekk Ål og Hol inn ei avtale med veterinær Tor Bakken. Der står det bl a:

”Veterinæren skal yte nødvendig veterinærhjelp i kommunene etter rekvisisjon fra husdyr-eierne og mot godtgjørelse fastsatt i Den Norske Veterinærforenings takster. Praksisen i kommunen skal utføres

i samarbeid med distriktsveterinæren. Veterinæren har plikt til å inngå i vaksamarbeid og fungere som helgeavløser. Det forutsettes at veterinæren er villig til å fungere som vikar for distriktsveterinæren under ferie og kortere permisjoner.

Etter nærmere avtale kan veterinæren pålegges å holde kontordager i Hol kommune.”

I des. 2002 sa Ål og Hol v/rådmennene opp avtalen med T. Bakken. Etter forhandlinger gjekk Hol formannskap, sak 47/03, mars 2003 inn for å opprettholde veterinæravtalen med Tor K. Bakken. Slik er det i dag, tilskudd på inntil 18.000 kr/år. Ål Formannskap støtta ikkje å oppretthalde veterinæravtala med Tor K. Bakken. Grunnen til dette er at han og gjekk over i anna stilling.

Forhold til overordna plan:

Mellom stat og veterinærane er det inngått ei avtale om vaktordning på landsplan. Det gjeld økonomi og geografisk avgrensing. Den trer i kraft 1.07.06. Tidlegare distriktsveterinær i Ål og Hol, Ørjan Fresvik har vore med og forhandla fram denne avtalen med staten. Han nemner overfor sakshandsamar; det er underleg at staten fremmar lovendring for å overføre dette til kommunane før vaktordninga begynner å gjelde og partane har fått erfaring med den.

Miljøkonsekvenser:

Hallingdal er eit stort distrikt i avstand der det og er mykje husdyr. Husdyrhaldet er viktig og produksjonen blir halde oppe rett nok på færre bruk, men med fleire dyr på kvart bruk. Hallingdal har to vaktområde for veterinærar i dag, eit vaktområde for Ål og Hol og eit vaktområde for resten av dalen. Veterinærane i Hallingdal har kjempa seg til dette då Staten ynskte å slå saman Hallingdal til eit vaktområde. Det er usikkert om beredskapen Hallingdal har i dag kan halde fram ved å overføre ansvaret for vaktordninga til kommunane. Dette kan gå ut over dyrehelsa.

Økonomiske konsekvenser:

Ved overføring av oppgåver til kommunane fylgjer det ofte med øyremerka middel for oppgåvene dei første åra. Etter kvart kan tilskotet for veterinæravtordninga gå inn som ein del av det kommunale rammetilskotet. Då blir det slik at veterinærane må kjempe om midlar saman med helse, sosial, skule og andre kommunale tilbod. Då er det usikkert på kva måte noverande vaktordning kan halde fram. Overføring av vaktordninga til kommunane vil medføre meir administrasjon for kommunane. Sjølv om det er aktuelt for kommunane å samarbeide, vil det bli meir arbeid og dermed auka kostnader. Veterinærane vil og forhandle om løn og vilkår med kommunen som andre kommunalt tilsette.

Vurdering:

Kommunane Ål og Hol har fra 1980 sett behovet for veterinærordning med vaktoplegg. Det er i mange år gjeve støtte til privatpraktiserande veterinær som har tatt på seg ansvaret.

Staten har for snautt eit år sidan fått til ei avtale med Den Norske Veterinærforening. Ein kan stille spørsmål om det er naturleg å overføre ansvar fra stat til kommune før det er gjort erfaring med inngåtte avtalen. På den andre sida kan tanken vere at kommunane kan få høve til å tilpasse forhold ved avtalen medan den er i startfasen

Det er usikkert om beredskapen med to vaktordningar for Hallingdal kan halde fram ved å overføre ansvaret til kommunane. Dette er heilt avhengig av øyremerkete middel. Dersom midlane ikkje er øyremerkete, men ligg i den kommunale ramma kan dette gå utover kvaliteten på veterinærtenestene for brukarane. Den norske veterinærforeninga i sin uttale 7.3.06 er redd for at kvaliteten på

veterinærtenesta kan bli forskjellig frå kommune til kommune på grunn av ulik økonomi i kommunane. Dette kan gå utover dyrehelsa ved at det blir vanskeleg å få tak i veterinær raskt nok.

Den norske veterinærforeninga understrekar også at omlegginga kan svekke den nasjonale veterinære beredskapsordninga. Om dette skriv departementet i sitt høringsnotat: "Ansvar for tiltak mot smittsomme dyresykdommer og oppfølging av dyrevern saker følger av annet lovverk (matloven og dyrevernloven). Forvaltning av disse oppgavene omfattes ikke av den foreslåtte ansvarsoverføring, og vil fortsatt bli ivaretatt av Mattilsynet."

KS BTV (Buskerud, Telemark og Vestfold) satte ned ei arbeidsgruppe og har kome med sine merknader til lovforslaget:

"Ut fra en rent økonomisk betraktning har fylkesstyrelederne forståelse for arbeidsgruppens primære uttalelse om at ansvaret for tilfredsstillende tilgang på klinisk veterinærtjeneste også i framtiden bør være statlig.

Fylkesstyrelederne mener likevel prinsipielt at en slik tjeneste bør være kommunal, jfr. legetjenestene, og at staten må legge forholdene til rette for at kommunene kan drive en slik tjeneste på et faglig og økonomisk forsvarlig nivå.

Fylkesstyrelederne vil derfor anbefale arbeidsgruppens sekundære forslag til uttalelse (at kommunene overtar dette ansvaret)."

Overføringa av ansvaret for veterinær og anna dyrehelsepersonell fra stat til kommune er fra statens side meint som ei styrking av tjenesten ved at ansvaret vert lagt nær brukarane og dei faktiske behova. Styrke lokal avgjerd, så sant ikkje økonomisk overføring i framtida vil hindre kommunane i å følge opp ansvaret.

Intensjonen med lovendringa kan bli vanskeleg å følge opp berre med framtidige rammeoverføringer.

Rådmannen si innstilling:

Ål kommune har merknader til endring av lov 15. juni 2001 nr 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell.

- Ål kommune er skeptisk til at ansvaret for tilfredsstillende tilgang på tjenester fra dyrehelsepersonell vert lagt over på kommunane. Likeså at kommunane får ansvaret for klinisk veterinærvakt. Ål kommune grunnjev det med at departementet tek sikte på å støtte ansvaret med rammetilskot etter øremerking av tilskotet i ein overgangsperiode. Det vil lett føre til meirutgifter som ikkje kommunen kan ta på seg.

Utviklingsavdelinga, 19.04.2006

Trond Kleppen
Rådmann

Marit Torsrud Nerol
Jordbruksforvalter

Formannskapet handsama saka den 08.05.2006, saksnr. 57/06

Handsaming:

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Ål kommune har merknader til endring av lov 15. juni 2001 nr 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell.

- Ål kommune er skeptisk til at ansvaret for tilfredsstillande tilgang på tjenester fra dyrehelsepersonell vert lagt over på kommunane. Likeså at kommunane får ansvaret for klinisk veterinærvakt. Ål kommune grunnjev det med at departementet tek sikte på å støtte ansvaret med rammetilskot etter øremerking av tilskotet i ein overgangsperiode. Det vil lett føre til meirutgifter som ikkje kommunen kan ta på seg.